

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 04.03.2025
SAKSHANDSAMAR: Øystein Helleseth og Asle Kjørlaus
SAKA GJELD: **Oppfølging av ventetidsløftet i Helse Førde**
ARKIVSAK: 2024/4586

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
12.03.2025

STYRESAK:
11/2025

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tar saka til vitende.
2. Styret ber administrerande direktør om å halde fram arbeidet for å nå måla for ventetidsløftet i tråd med føringar frå føretaksprotokoll, februar 2025.
3. Styret ber administrerande direktør om å sikre at Helse Førde har særleg merksemd mot dei spesielt utvalde fagområda øyre-nase-hals, kvinnesjukedommar, urologi, ortopedi og augesjukdommar.
4. Styret ber administrerande direktør gjere greie for status for ventetider, aktivitet og kostnader som følgje av ekstraordinære tiltak.

VENTETIDSLØFTET – FAST MÅNADLEG RAPPORTERING

I tilleggskokumentet som helseføretaka fekk i føretaksmøte 13.09.2024 er det krav om særskild rapportering til styra på ventetidsløftet og pakkeforløp kreft etter mal frå Helse vest RHF.

I føretaksmøte 05.11.2024 gav Helse vest ytterlegare føringar for arbeidet med ventetidsløftet. Det blei vedtatt at det i november og desember 2024 skal gjennomførast særleg innsats for å redusere ventetidene og avvikle flest mogeleg ventande. Det blei også vedtatt at kapasitetsberekningane til dei regionale helseføretaka, inkludert ein kapasitetsbuffer på minimum 20 prosent, skal leggjast til grunn for å fastsetje auka aktivitet frå og med no og fram mot juni 2025.

I føretaksmøte 25.02.2025 erkjenner Helse vest at det er nedlagt eit vesentleg arbeid knytt til ventetidsløftet. Arbeidet har likevel ikkje vore tilstrekkeleg. Helse Førde skal difor straks forsterke innsatsen for å ha god kontroll på utviklinga framover, og slik at styringsmåla blir nådde.

Helse Førde skal utan opphald auke aktiviteten for å nå ventetidsmåla. Dette skal skje gjennom omfattande bruk av kvelds- og helgepoliklinikkar, der personell som ønskjer å arbeide meir får høve til det innan område med ventetidsutfordringar. Tiltaka må vare ved så lenge det er behov for å kunne vere sikker på at styringsmåla blir nådde.

Med grunnlag i føretaksmøtet 25.02.2025 har Helse Førde identifisert dei fem fagområda der ein må ha ekstra fokus på å sikre iverksetting av ekstraordinære tiltak. Dette er fagområda øyre-nase-hals, kvinnesjukedommar, urologi, ortopedi og augesjukdommar. Det blir planlagt for ekstraordinære tiltak i form av betydeleg auke i kvelds- og helgepoliklinikkar, innleige av vikarar, samt kjøp av heilprivate tenester via Helse vest. Ekstraordinære tiltak som alt er etablert innan andre fagområde, skal halde fram uendra.

Ventetidsløftet

I rapporteringa blir det nytta ein trafikklysmoell som er tilsvarande den Helse- og omsorgsdepartementet nyttar i si oppfølging av dei regionale helseføretaka. Det føreset i styresak til Helse vest RHF juni 2024 at helseføretaka skal ha tilsvarande rapportering til sine styre.

Februar 2025: Gjennomsnittlig ventetid, helsehjelp startet						
Sektor	Helse Bergen	Helse Fonna	Helse Førde	Helse Stavanger	Private ideelle	Totalt Helse Vest
Somatikk	72	61	74	67	78	70
PHV voksne	43	49	29	43	38	41
PHV barn og unge	46	39	42	54	41	46
TSB	27	22		29		27

Nivå Definisjon trafikklys (per sektor)

1	Under langsiktig mål
2	Under mål for 2025
3	Under samlet nivå for Helse Vest i februar 2023
4	Over samlet nivå for Helse Vest i februar 2023

Grenseverdier

Sektor	Nivå 3	Nivå 2	Nivå 1
Somatikk	67	61	50
PHV voksne	45	44	40
PHV barn og unge	56	45	35
TSB	34	33	30

Rapportkjelde: Ventetid - trafikklysmoell

Helse Førde har innan somatikken uendra gjennomsnittleg ventetid for behandla i februar samanlikna med januar (74 dagar). Både Helse Førde og Helse vest samla ligg framleis godt over målet til ventetidsløftet som er 61 dagar ventetid for behandla i juni 2025. Det er nødvendig at dei ekstraordinære tiltaka som no blir planlagt, har god effekt på tilgjengeindikatorane for at vi skal kunne nå målet innan somatikk.

Innan psykisk helsevern (PHV) for barn og unge har Helse Førde litt reduksjon i gjennomsnittleg ventetid for behandla samanlikna med januar (44 dagar mot 42 dagar). Både psykisk helsevern for voksne (29 dagar), og rusomsorg (tala viser ikkje i dette notatet) er under langtidsmålet for Helse Førde sin del. For fagområda innan PHV og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er både Helse vest og Helse Førde i rute til å nå målet i ventetidsløftet.


Nedanfor er det vist ei rekkje tal og grafar som utdjupar ulike relevante aspekt knytt til ventetidsløftet.

Resultat vises for: HELSE FØRDE HF

Februar 2025: Gjennomsnittlig ventetid, helsehjelp startet


Fagområde	Valgt måned	Utvikling fra i fjor	2023 HV	2019 HV
Urologi	110	+56,0	48,1	53,9
Kjevekirurgi og munnhulesykdom	102	-54,9	88,3	94,4
Nevrologi	98	+15,9	83,3	57,8
Øre-nese-hals sykdommer	96	-24,1	75,5	86,6
Revmatiske sykdommer (revmatologi)	85	+1,7	61,8	80,1
Kvinnesykdommer og elektiv fødselshjelp	84	+29,4	57,7	50,3
Geriatrici	80	-73,7	70,6	57,4
Hud og veneriske sykdommer	70	+5,4	57,5	72,9
Klinisk nevrofysiologi	66	-7,4	83,3	78,7
Ortopedisk kirurgi (inkludert revmakirurgi)	65	-45,6	83,8	71,3
Øyesykdommer	63	-4,2	78,5	66,6
Barnesykdommer	62	+21,1	70,2	48,9
Lungesykdommer	60	-0,6	46,8	49,2
Hjertesykdommer	57	-3,1	67,3	60,9
Generell kirurgi	53	-37,0	75,2	54,2
Fordøyelsesykdommer	52	+13,7	50,6	42,6
Gastroenterologisk kirurgi	45	-48,6	39,9	41,4
Psykisk helsevern barn og unge	42	-7,8	55,7	36,3
Generell indremedisin	35	+5,7	55,3	18,4
Blodsykdommer (hematologi)	31	+1,4	40,1	43,9
Psykisk helsevern voksne	29	-4,7	45,4	40,6

Rapportkilde: Ventetid - trafikklysmode




Rapportkilde: Ventetid - trafikklysmode

Grafen over viser gjennomsnittleg ventetid, helsehjelp starta, for alle fagområde samla.
Under viser alle fagområde i Helse Førde samla, gjennomsnittleg ventetid for ventande ved månedsslutt.



Rapportkjelde: Ventetid - trafikklysmoell




Rapportkjelde: Fristbrot, ventetid og vurderingstid

Februar 2025: Antall ventende ved månedsslutt

Fagområde	Valgt måned	Utvikling fra i fjor	2023 HV	2019 HV
Kvinnesykdommer og elektiv fødselshjelp	825	+240,0	4 134,0	3 266,0
Ortopedisk kirurgi (inkludert revmakirurgi)	783	-425,0	7 622,0	5 559,0
Øre-nese-hals sykdommer	592	-472,0	5 743,0	6 029,0
Hud og veneriske sykdommer	468	+114,0	3 021,0	3 665,0
Kjevekirurgi og munnhulesykdom	320	-66,0	758,0	705,0
Øyesykdommer	317	-39,0	2 639,0	2 202,0
Urologi	314	+18,0	1 638,0	1 280,0
Hjertesykdommer	260	-85,0	2 144,0	2 059,0
Fordøyelsessykdommer	243	+46,0	1 725,0	1 441,0
Barnesykdommer	195	+53,0	2 557,0	1 676,0
Revmatiske sykdommer (revmatologi)	191	+36,0	1 685,0	1 511,0
Nevrologi	164	-53,0	1 470,0	1 114,0
Psykisk helsevern voksne	147	-36,0	2 386,0	1 562,0
Psykisk helsevern barn og unge	108	+5,0	1 218,0	660,0
Klinisk nevrofysiologi	79	-18,0	1 320,0	1 255,0
Lungesykdommer	69	+8,0	766,0	677,0
Generell kirurgi	68	-60,0	1 072,0	909,0
Fysikalsk medisin og rehabilitering	51	+20,0	739,0	501,0
Karkirurgi	51	+32,0	629,0	517,0
Generell indremedisin	48	+10,0	73,0	48,0
Gastroenterologisk kirurgi	45	-124,0	1 608,0	1 176,0
Geriatrici	31	-7,0	291,0	222,0
Endokrinologi	22	+1,0	653,0	773,0
Smertetilstander	16	+3,0	253,0	243,0
Plastikk-kirurgi	13	-28,0	2 062,0	1 962,0
Anestesiologi	11		199,0	101,0

Rapportkilde: Ventetid - trafikklysmode

Gjennomsnittleg ventetid på tenestestart innan kirurgiske fagfelt




Rapportkilde: Prosedyrer, ventetid og tid til tenestestart

Indikatoren syner kor lang tid det tek frå pasienten er tilvist, til den aktuelle tenesta (som regel ein operasjon) er starta. Eit eksempel er ein pasient som er tilvist for hofteprotese. Den ordinære ventetida syner kor lang tid det var frå tilvising til første time (som ofte er ein vurderingssamtale). Ventetid på tenestestart viser kor lang tid det var frå tilvising til operasjon.

Grafen for Helse Førde viser ein gradvis auke i ventetid til tenestestart over fleire år. Reduksjonen i første del av 2024 er resultat av ekstratiltak for å redusere ventetider innan kirurgiske fag, spesielt augesjukdommar. Auken i løpet av siste del av 2024 er mest grunna redusert operasjonskapasitet knytt til innflytting i Livabygget.


Føringane frå Helse vest seier at helseføretaka skal ha særskild merksemd på fagområda ortopedisk kirurgi, øyre-, nase-, hals- (ØNH) sjukdommar og augesjukdommar. For desse fagområda bør det vere regelmessig rapportering på tid til tenestestart for dei einskilde fagområda og for utvalde tenester.

Gjennomsnittleg ventetid på tenestestart innan ortopedisk kirurgi




Rapportkilde: Prosedyrer, ventetid og tid til tenestestart

Gjennomsnittleg ventetid på tenestestart innan ØNH-sjukdommar



Rapportkilde: Prosedyrer, ventetid og tid til tenestestart

Gjennomsnittleg ventetid på tenestestart innan augesjukdommar



Rapportkilde: Prosedyrer, ventetid og tid til tenestestart

Pakkeforløp kreft

Måloppnåelse for Helse Førde HF: OF4 - Tid fra start pakkeforløp til start behandling (jan 2024 - des 2024)

Kvartal Pakkeforløp	Første kvartal 2024		Andre kvartal 2024		Tredje kvartal 2024		Fjerde kvartal 2024	
	Indikator	Antall pasienter	Indikator	Antall pasienter	Indikator	Antall pasienter	Indikator	Antall pasienter
(A16) Prostatakreft	15 %	27	44 %	32	27 %	15	57 %	21
(A12) Tykk- og endetarmskreft	58 %	24	78 %	18	84 %	19	77 %	22
(A01) Brystkreft	70 %	20	45 %	22	60 %	10	53 %	17
(A26) Lungekreft	92 %	12	60 %	5	46 %	13	75 %	8
(A14) Blærekreft	90 %	10	78 %	9	86 %	7	78 %	9
(A38) Malignt melanom	100 %	10	50 %	2	100 %	6	100 %	8
(A06) Lymfom	50 %	4	0 %	4	33 %	3	50 %	2
(A20) Livmorkreft	100 %	2	100 %	5	100 %	3	100 %	3
(A15) Nyrerekreft	100 %	3	100 %	2	67 %	6	100 %	1
(A02) Hode- halskreft	67 %	3	0 %	2	0 %	3	100 %	2
(A32) Kreft i spiserør og magesekk	50 %	4	100 %	1	100 %	1	100 %	4
(A04) Myelomatose	75 %	4	50 %	2	100 %	1	100 %	2
(A07) Bukspyttkjertelkreft			100 %	4			0 %	1
(A18) Testikkelkreft	100 %	1	50 %	2	50 %	2		
(A17) Peniskreft	100 %	2					100 %	1
(A21) Eggstokkreft	100 %	1	100 %	1	100 %	1		
(A22) Livmorhalskreft					67 %	3		
(A23) Hjernekreft	100 %	2			100 %	1		
(A34) Primær leverkreft	0 %	1	0 %	1	0 %	1		
(A39) Nevroendokrine svulster							100 %	2
(A40) Galleveiskreft			100 %	1			100 %	1
(A37) Skjoldbruskkjertelkreft					0 %	1		
Totalt	63 %	130	58 %	113	61 %	96	73 %	104

Rapportkilde: Pakkeforløp kreft

Måloppnåelse for Helse Førde HF: OF4 - Tid fra start pakkeforløp til start behandling (jan 2022 - jan 2025)

År	2022		2023		2024		2025*	
Pakkeforløp	Indikator	Antall pasienter	Indikator	Antall pasienter	Indikator	Antall pasienter	Indikator	Antall pasienter
(A16) Prostatakreft	32 %	96	36 %	107	36 %	95	8 %	13
(A12) Tykk- og endetarmskreft	80 %	82	74 %	98	73 %	83	57 %	7
(A01) Brystkreft	67 %	66	65 %	46	57 %	69	50 %	2
(A26) Lungekreft	67 %	46	75 %	40	68 %	38	100 %	1
(A14) Blærekreft	86 %	36	93 %	41	83 %	35	100 %	1
(A38) Malignt melanom	82 %	38	86 %	35	96 %	26	83 %	6
(A06) Lymfom	33 %	18	60 %	15	31 %	13		
(A15) Nyrerekreft	78 %	9	75 %	24	83 %	12	100 %	1
(A20) Livmorkreft	59 %	17	58 %	12	100 %	13	0 %	1
(A02) Hode- halskreft	63 %	19	57 %	7	40 %	10		
(A32) Kreft i spiserør og magesekk	100 %	6	91 %	11	80 %	10		
(A07) Bukspyttkjertelkreft	67 %	9	67 %	6	80 %	5		
(A04) Myelomatose	50 %	2	25 %	4	78 %	9	100 %	1
(A21) Eggstokkreft	50 %	4	89 %	9	100 %	3		
(A18) Testikkelkreft	67 %	3	0 %	1	60 %	5		
(A22) Livmorhalskreft	40 %	5	100 %	1	67 %	3		
(A23) Hjernekreft	50 %	2	100 %	1	100 %	3	50 %	2
(A39) Nevroendokrine svulster			100 %	4	100 %	2		
(A17) Peniskreft	0 %	1	100 %	1	100 %	3		
(A34) Primær leverkreft	100 %	1	100 %	1	0 %	3		
(A37) Skjoldbruskkjertelkreft			33 %	3	0 %	1	100 %	1
(A40) Galleveiskreft	0 %	1			100 %	2		
(A30) Kreft hos barn	100 %	1						
(A36) Sarkom			100 %	1				
Totalt	63 %	462	66 %	468	64 %	443	47 %	36


Rapportkilde: Pakkeforløp kreft

Planleggingshorisont


Helse vest tilrår også at planleggingshorisont inngår i rapportering på ventetidsløftet. Planleggingshorisonten er eitt av dei viktigaste tiltaka for å betre logistikken i dei kliniske einingane. Det bør rapporterast til styra på dette omlag kvar tredje månad. Dette inkluderer planlegging av arbeidstida til helsepersonellet, og planlegging av pasientkontaktar i god tid.

LOKASJONSLOGIKK - VALGT ENHET: HELSE FØRDE HF / Flere klinikker / Flere enheter / Flere enheter / Flere enheter
SEKSJONSLOGIKK - VALGT ENHET: HELSE FØRDE HF / Flere klinikker / Flere enheter / Flere enheter / Flere enheter

PLANLAGTE, REPLANLAGTE OG GJENNOMFØRTE ELEKTIVE PASIENTKONTAKTER



Rapportkjelde: VelPlanlagt



Rapportkjelde: Alle møter batteri

Økonomi

Det blir nett no ført forhandlingar om eigne tilleggssatsar/kronetillegg for bruk til ekstraordinære tiltak, først og fremst vil dette gjelde for kvelds- og helgepoliklinikkar.

Delar av dei ekstraordinære tiltaka vil bli finansiert av Helse Vest, medan resterande tiltak må finansierast over gjeldande driftsbudsjett for Helse Førde.